

## LVO - oppstart av randsonetiltak 2012.

Vi har altså fått godkjent planene våre for tilrettelegging i randsoneområdet til LVO. Totalbudsjettet er altså kr 235000,- men vi må holde oss til delfinansieringa slik vi søkte om jfr. vedlegg og oppstilling under. Vi vil, som det står i brevet frå Fylkesmannen, få utbetalt halve summen no og resten når arbeidet er komme godt i gang. Eg vil sørge for å få pengane overført til Utmarkslaget sin bankkonto i god tid før fakturane kjem.

### **Oppgåver for dei ansvarlege:**

1. innhente anbud og inngå avtale.
2. syte for at utgiftene ikkje overstig budsjettpostane
3. ta ansvar for at arbeidet blir gjennomført i løpet av våren/sommaren/hausten 2012.
4. ta bilde for dokumentasjon før og etter prosjekta som skal sendast Fylkesmannen i sluttrapporten.
5. rapportere til undertekna i viktige faser i prosjekta.

### **Forslag til ansvarlege:**

#### **Ansvarlege for delprosjekt 1, 2 og 3: Odd Vonen og Kjell Klopstad.**

1. Utviding og opprusting av parkeringsplass ved Vonavatnet , og grusing av parkeringsplassen på Steinbakken  
kr 100 000,-

2. I samband med opprusting av parkeringsplassen ved Vonavatnet treng, brygga ved vatnet reparasjon og oppgradering slik at den vert trygg og funksjonell å bruke for turgåarar, hytteigarar og beitedrift i området.  
kr 25 000,-

3. I samband med ferdsel på vatnet er det ei naturleg rampe rett ved brygga som vert nytta til utsetjing av båtar vatnet. Her må det gjerast noko gravearbeid for at område skal bli meir funksjonelt.  
kr 20 000,-

#### **Ansvarlege for delprosjekt 4: Gudmund Eimhjellen og Arne Dvergsdal (overtar etter Petter Fimland som har gått ut av styret)**

4. Det er fleire innfallsporar til landskapsvernområdet i Instedalen som treng avklaring av parkeringstilhøva. Med litt gravearbeid og grusing kan dei verte langt meir brukarvennlege og det skal lagast avtale med den enkelte grunneigar. Dette gjeld parkeringsplasser på Reinene, Svorstøl, Øyjord og Teigen.  
kr 50 000,-

#### **Ansvarlege for delprosjekt 5 og 6: Normund Svoen og Olav Svoen**

5. Vasstanden i Nesvatnet har dei siste åra sunke ein del på grunn av at det har skjedd fysiske forandringar i utløpet. Dette har fått konsekvensar for kulturlandskapet og fiske i Nes- og Svovantnet. Grunneigarane har fått løyve av kommunen og NVE til å ordne utløpet slik at vasstanden kjem attende til det normale igjen. Av ein totalkostnad på 70 000,- ynskjer Utmarkslag å nytte kr 30 000,- av forvaltningsmidlane til dette.  
Kr 30 000,-

6. Det vert arbeidd med tilrettelegging av ein fiskeplass ved brua Nes-Svoa, særskilt tilrettelagt for folk med ulike funksjonshemmingar. Utmarkslaget ynskjer å nytte kr 10 000,- av forvaltningsmidlane for å bidra til realisering av tiltaket.  
Kr 10 000,-